



# PRØVETAKING OG SENDING AV PRØVAR

Sjå nærare opplysningar på våre internettsider, [www.helseforde.no](http://www.helseforde.no): **Laboratoria** ➔ **Brukarhandbok Mikrobiologisk avdeling**.

Revirent/avdeling må oppgjevast. Ved ukjent rekvirent vert prøvesvaret oppbevart i laboratoriet til det vert etterlyst. Prøvetakingsdato og klokkeslett må fyllast ut.

Vi ber om at prøvar til analysar som ikkje utførast hos oss, vert sendt direkte til aktuelle laboratorium.

**URIN** Til bakteriologisk undersøking: Midtstråleprøve. Prøverøyr med borsyre fyllast til streken med urin. Ved lite urin: Sjå Urinprøvar på våre internettsider. Dyppekultur kan og nyttast.

**LUFTVEGSPRØVAR:** Bakteriologisk dyrking: Bakteriologisk transportmedium med pensel, eller sterilt prøverøyr ved aspirat. PCR-undersøkingar: Sekret frå nasofarynks: 2 ml  $\Sigma$ -VCM kit.

**AUGEPRØVAR:** Bakteriologisk dyrking og gonokokkdyrking: Bakteriologisk transportmedium med pensel. PCR-undersøkingar: Sekret: eNAT.

**AVFØRINGSPRØVAR** Diaréframkallande agens PCR (bakteriar, virus og parasittar): Cary Blair transportmedium. Clostridium difficile: Både prøverøyr utan tilsetjing (minimum 1 prøveskei) og Cary Blair transportmedium.

**Diaréframkallande agens PCR:** Inkluderer tarmpatogene bakteriar (Campylobacter, Salmonella, Shigella/EIEC, Yersinia enterocolitica og EHEC). Virus (norovirus, rotavirus, adenovirus, astrovirus, sapovirus) og parasittar (Giardia, cryptosporidiar og Entamoeba histolytica).

**Clostridium difficile:** Indikasjon: Mistanke om antibiotikaindisert diaré og/eller pseudomembranøs colitt.

**Andre analysar:**

**Parasitt-mikroskopi (egg og cyster):** Dette er ei tids- og ressurskrevjande analyse. Gode kliniske opplysningar må difor påførast rekvisisjonen. Avføring utan tilsetjing. For indikasjonar, sjå brukarhandboka.

**Barnemark/Tape-preparat:** Sjå brukarhandboka.

**EDTA-BLOD:** Til Denguevirus-undersøkinga kan serum og plasma også nyttast.

**ANNA PRØVEMATERIALE** Bakteriologisk dyrking: Større prøvemengder (leddvæsker, abscessmateriale o.l.): Aspirert prøvemateriale overført til sterilt prøverøyr. Mindre prøvemengder: Bakteriologisk transportmedium med pensel. Viruspåvisning: PCR-undersøkingar: Sekret: eNAT.

**SEKSUELT OVERFØRBARE SJUKDOMMAR** PCR-undersøkingar: Chlamydia/Gonokokk PCR. Urin: Førstestråleprøve, 2 ml urin overført til eNAT rør. Sekret: Pensel i eNAT rør. Gonokokk-dyrking: Bakteriologisk transportmedium med pensel.

**GENTALPRØVAR** Bakteriologisk dyrking, gjærsopp: Bakteriologisk transportmedium med pensel.

**SCREENING-UNDERSØKINGAR** Bakteriologisk transportmedium med pensel. Sjå MRSA-screening, VRE-screening og ESBL-screening på våre internettsider.

## SERUM TIL PÅVISNING AV ANTISTOFF/ANTIGEN MOT BAKTERIAR OG VIRUS:

Sentrifugert gelglas med minst 3 ml serum (raud kork med gul stripe). Alternativt er rikeleg (minst 3 ml) avpipettert serum. Unngå å sende fullblodsglas utan gel.